

---

Saksnr: 2020/36671-22  
Saksbehandlar: Matti Torgersen  
Dato: 28.02.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Regional transportplan 2022-2033 - Statusrapport Nasjonale ansvarsområde

### Bakgrunn

Fylkesdirektøren orienterer med dette korleis arbeidet innan temaområdet Nasjonale satsingsområde i RTP vert lagt opp. Det vert også presentert moglege delmål og strategiar for området.

Alle delmåla i RTP skal presenterast i løypemelding for RTP som skal opp i SAMO og FUV april..

### Planprogrammet

Innan dette temaområdet har planprogrammet til Regional transportplan 2022-2033 følgjande utgreiingsbehovet.

- «RTP skal avklare samarbeidsformer med Statens Vegvesen og dei andre transportetatane for planlegging av store statlege prosjekt.
- RTP skal lage retningslinjer for kva for interesseselskap for store veg- og jernbanesamband fylkeskommunen skal delta i, og kva for rolle fylkeskommunen skal ha i selskapa.
- RTP skal bygge opp under den nasjonale målsettinga om overføring av gods frå veg til sjø og bane og peike på behovet for framskunding av naudsynte investeringar i infrastruktur. Dette gjeld opprusting og behovet for innkorting av reisetid på Bergensbana, utbygging av intermodule hamneløysingar og etablering av nytt logistikknutepunkt for Bergensområdet.
- RTP skal utarbeide eit fagleg grunnlag for prioritering av dei viktigaste statlege infrastrukturprosjekta fram mot neste rullering av Nasjonal transportplan (2026-2037).»

Fylkesdirektøren gjer nedanfor greie for korleis det vert arbeida med dei ulike utgreiingsbehova.

### Målformulering for temaområdet

Ein mogleg målformulering på temaområdet kan vere:

- Vestland skal ha ein tilfredsstillande standard og tryggleik på riksveg, banenettet og farleier.

### Samarbeidsformer med Statens Vegvesen og dei andre transportetatane

Etter det fylkesdirektøren kjenner til, vil NTP 2022-2033 bli lagt fram 19. mars. Det er varsla ei anna innretting enn i tidlegare NTPar. Første 6- årsperiode vil innehalde konkrete prosjekt. I resten av planperioden vil det leggjast stor vekt på porteføljestyring. Dette inneberer at den siste delen

ikkje vil innehalde konkrete prosjekt, men heller leggje større vekt på kva for utfordringar som skal løysast og setjast av ressursar til. Det vil bli gitt større fridom til samferdselsverksemdene å prioritere mellom prosjekt. Vidare vil det avsetjast midlar til programområdetiltak som går til mindre prosjekt, der verksemdene sjølve kan prioritere midlane.

Etter fylkesdirektøren si meining er det no viktig å utvikle samarbeidet med etatane slik at ein får best mogleg regionalpolitisk påverknad og koordinering mellom verksemdene sine prioriteringar og fylkeskommunen sine.

Fylkesdirektøren legg også opp til at RTP skal vurdere kva som skal vere fylkeskommunal politikk i forhold til store statlege infrastrukturprosjekt. Særleg er det vesentleg å vurdere konsekvensane av store veganlegg inn mot Bergen. I dette området er det ein målkonflikt mellom behov for betre vegstandard og framkome inn mot Bergensområdet opp mot nullvekstmålet.

Det er vidare store behov på riksvegnettet. Høge fartsgrenser kombinert med vanskeleg topografi fører til at mange prosjekt blir uforholdsmessige kostbare, noko som gjer det vanskeleg å få prioritert fleire samferdselsårar. Fylkesdirektøren vil difor føreslå at RTP legg opp til ein meir tilpassa standard på vegnettet i forhold til det som dagens vegnormalar tilseier.

Etter at stortingsmelding om NTP blir lagt fram, vil Vestland fylkeskommune gå i dialog med SVV om korleis samarbeidsformane bør vere. Dette gjeld både når det gjeld oppfølging av store statlege infrastrukturprosjekt og samhandling om programområdetiltak ved SVV. Dialogformer med Kystverket og Jernbanedirektoratet må også vurderast.

#### Framlegg til strategi

- Utvikle dialogen med statlege verksemdar med sikte på å fremje regionale interesser inn i planarbeid og prioriteringar av tiltak

#### **Interesseselskap for store veg- og jernbanesamband**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak 29. september 2020 (PS-sak 109/2020):

1. «Fylkestinget ber fylkesordførar om å ta eit initiativ til å opprette eit felles kontaktutval for E39 gjennom heile Vestland.
2. Kontaktutval for E16 og Vossebana vert vidareført med fokus på strekninga Arna-Voss (K5).
3. Fylkeskommunen vidarefører sitt medlemskap i følgjande organisasjonar/selskap:
  - a) Stamvegutvalet E16
  - b) Forum nye Bergensbanen
  - c) Haukelivegen AS
  - d) IS Fjordvegen AS
  - e) Stad skipstunnel
  - f) Nasjonal rassikringsgruppe
4. Vestland fylkeskommune deltar i Vegforum Rv15 under føresetnad av at Innlandet fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune gjer det same. «

Av omsyn til det pågåande arbeidet med Nasjonal transportplan 2022-2033 er det lagt opp til at Stamvegutvalet for E39 gjennom Sogn og Fjordane og Kontaktutval for E39 gjennom Hordaland arbeider kvar for seg i denne fasen. Etter vedtak av ny NTP i juni 2021, vil det bli vurdert å etablere eit felles kontaktutval for E39 gjennom Vestland.

#### Framlegg til strategi

- Gjennom NTP-arbeidet og deltaking i kontaktutval og regionale selskap arbeide for at viktige statlege infrastrukturprosjekt blir realiserte.

#### **Godstransport**

Det blir lagt opp til at RTP skal bygge opp under den nasjonale målsettinga om overføring av gods frå veg til sjø og bane. Samstundes må det også leggjast til rette for godstransport på veg der dette er mest føremålstenleg.

Om lag halvparten av all godsmengde mellom Osloområdet og Bergensområdet går på Bergensbanen. Utfordringane på Bergensbanen er særleg knytt til at delar av strekninga ligg i eit rasfarleg terreng og har utfordrande vinterdrift, dårlig kurvatur og stort vedlikehaldsbehov. Det er også behov for fleire og lengre kryssingsspor for å kunne auke godsmengda på bane. .

Det er fleire sentrale prosessar som vil påverke framtidig godsdistribusjon, særleg i Bergensområdet. I 2016 vart det lagt fram ein KVVU for Logistikknutepunkt i Bergensområdet. Det vart tilrådd delt konsept, der jernbaneterminal og hamn ikkje vart samlokaliserte. For hamn konkluderte utgreiinga med at det vart kommunen si oppgåve å fastsetje denne. Det vart gjennomført ei kvalitetssikring (KS1) som konkluderte med at moderniseringsalternativet for jernbaneterminalen ville tilseie at det er tilstrekkeleg med kapasitet fram til om lag 2040. Regjeringa har ikkje teke stilling til KVVU for Logistikknutepunkt i Bergensområdet, og framtidig lokalisering av jernbaneterminal er ikkje avklara.

Kommunane Bergen og Øygarden (eg. tidlegare Fjell kommune) har vedtak om å flytte godshamna i Bergen til Ågotnes. Det er under utarbeiding planar for ei topp moderne godshamn på Ågotnes med utbygging av eit betydeleg distribusjonsnettverk med bruk av sjødronar (små container-feedere) som kan gå både til lokal city-hub, og regionale industriområde rundt Bergen og andre delar av fylket.

Eit anna utviklingstrekk er at store logistikkaktørar no er i ferd med å flytte frå Bergen hamn og jernbaneterminalen i Bergen til Kokstad i Bergen sør. Dette vil endre distribusjonssystemet i Bergensområdet.

Karmsund hamn har store utvidingsplanar. Ved realisering av E39 Stord - Os, vil denne hamna også kunne bli ei viktig hamn for distribusjon av gods mot Bergensområdet.

Flora hamn og Nordfjord hamn er definerte som nasjonale stamnetthamner, og har ein sentral funksjon i nordre del av fylket. Det må leggjast til rette for vidare utvikling av desse hamnene.

Fylkesdirektøren vil føreslå at det blir drøfta med Bergen og omegnskommunane, Bergen havn og godsbransjen om det bør startast opp eit arbeid med å utgreie konsekvensane for vegnettet og for godsdistribusjonen i Bergensområdet av dei endringane som no skjer i området.

For den øvrige delen av Vestland vil godstransporten i stor grad gå på veg. Utfordringane er særleg knytt til stort vedlikehaldsbehov, smale vegar og dårleg kurvatur. Mange strekingar er rasfarlege, og det er hyppige stengingar på fjellovergangane om vinteren. For godstransporten er det særleg viktig å fjerne flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på vegnettet på strekingar som er viktige for godstransporten. Vidare blir det no opna for modulvogntog, og det vil vere naturleg at det som oppfølgingspunkt til RTP blir vurdert kva for vegar som bør leggjast til rette for modulvogntog. Som del av arbeidet med RTP blir det gjennomført strekningsvise utgreiingar på fylkesvegnettet som m.a. fokuserer på behova for godsnæringa. Desse vil vere viktige faglege innspel for vurdering av behova.

#### Framlegg til mål for tema gods:

- Betre framkome for godstransport og leggje til rette for overføring av gods frå veg til bane

#### Strategiar godstransport på bane

- Realisering av Bergensbanen på strekninga Arna - Bergen.
- Lengre og fleire kryssingsspor og betre vinterregularitet over Hardangervidda.
- Avklare framtidig lokalisering av godsterminal for jernbane i Bergensområdet

#### Strategiar godstransport på veg

- Fjerne flaskehalsar og trafikkfarlege punkt for næringstrafikk
- Leggje til rette for modulvogntog på særleg viktige fylkesvegar for næringslivet

#### Strategi godstransport på sjø

- Leggje til rette for godstransport på sjø gjennom god hamneutvikling og effektiv distribusjon av gods til hamnene.

#### **Fagleg grunnlag for prioritering av viktige store infrastrukturprosjekt**

Vestland fylkeskommune har gjennom sitt vedtak til Nasjonal transportplan 2022-2033 prioritert viktige samferdselsprosjekt for Vestland innan statleg infrastruktur. Fylkesdirektøren vil leggje desse prioriteringane til grunn i arbeidet fram mot neste NTP-rullering.

Samferdselsverksemdene vil utarbeide nytt fagleg grunnlag basert på bestillingar frå Samferdselsdepartementet fram mot neste rullering av NTP. Dette arbeidet startar opp rett etter vedtak av NTP i inneverande år. Fylkesdirektøren vil leggje vekt på å følgje dette arbeidet, og rapportere om sentrale forhold av betydning for Vestland og for nasjonal samferdselspolitikk til hovudutvalet.

Som nemnt ovanfor, vert det arbeida med strekningsvise utgreiingar på fylkesvegnettet. Fleire av desse fylkesvegane vil vere viktige tilførselsveggar mot riksvegnettet, hamnar og terminalar, og vil vere viktige premissar i fylkeskommunen sine vurderingar av det samla transportsystemet i Vestland.

Samla sett vil dei nemnte elementa vere viktige faglege og politiske underlag fram mot neste rullering av NTP for perioden 2026-2037.

Vidare vil fylkesdirektøren føreslå at det blir tydeleggjort at fylkeskommunen skal arbeide for gode rammevilkår for samferdselsområdet i fylkeskommunen. Dette omfattar for det første at fylkeskommunen får økonomiske rammer som legg til rette for å løyse oppgåvene på ein god måte. For det andre at fylkeskommunen får tilstrekkeleg handlingsrom til å levere gode tenester tilpassa Vestland sine behov.

#### Framlegg til strategiar

- Arbeide for å sikre økonomiske ressursar for å kunne løyse dei fylkeskommunale arbeidsoppgåvene på ein god måte.
- Arbeide for at intensjonane med regionreforma med utvida regionalt handlingsrom vert gjennomført.

Tiltak på dette området vil kunne vere å utarbeide eit godt fagleg underlag for fylkeskommunen sitt innspel til neste NTP-rullering.